

VIKØY PRESTEGARD

Gjennom ADOLPH TIDEMANDS detaljerte nærbilete frå røykstover i Kvam har prestegarden i VIKØY, der han budde på sine målarferder gjennom Hardanger, fått ein sentral posisjon i den norske nasjonalromantikken.



Røykstove i Vikøy (Vigoer). Akvarell av Adolph Tidemand, 1843.

Vikøy er nemnd som prestegard på 1300-talet, men både som kyrkjestad og prestegard er Vikøy eldre enn dette. Vikøy er ein av dei få embetsgardane som framleis har sitt gamle tun, bygd som ein av gardane i Kvam, utan noko dominerande hovudhus av «embetsmannstypen», slik dei var vanlege på 1700-talet. Stovehuset er

eigentleg tre hus bygde saman, opphavelig med ei røykstove frå 1612 midt i anlegget. I tunet ligg også eit stabbur frå slutten av 1700-talet; det såkalla SELMERHUSET – ei eldre røykstove innreidd som eldhus og ombygd kring 1870 – og BORGSTOVA; ei røykstove frå 1815. Det er ei slik stove TIDEMAND brukte som modell i «HAUGIANERNE» (①142).

Frå Vikøy kring hundreårsskiftet.



Den allsidige prosten i Ullensvang, NILS HERTZBERG, tok gjerne inn i Vikøy. Dette er ein av hans akvarellar: Utsyn frå loftsglaset.

VIKØY KYRKJE

Heilt fram til 1839 stod den mellomalderlege stavkyrkja i Vikøy. Då vart det bygt ny kyrkje etter typeteikningar av arkitekt LINSTOW; ei einskipa langkyrkje med vesttårn, etter klassiske førebilete. Det er denne kyrkja som står i dag og som har vore i bruk fram til den nye arbeidskyrkja i Norheimsund var ferdig i 1989. Interiøret i kyrkja i Vikøy er nyleg restaurert. På veggjen over alteret heng altertavla frå stavkyrkja; i renessansetil. Ei innskrift fortel at altertavla er gjeven kyrkja av presten TOLEF OLUFSEN i 1633; sokneprest til «Vigør».

Tidemand var på friarferd til søster åt soknepresten, CLAUDIA JÆGER, i 1843. Etter at dei var gifte, var han årvisst i Vikøy om sommaren i mange år. Tunet er i dag freda. □

«HARDINGTONAR»

I det særprege orkesterverket «Hundrad Hardingtonar» har komponisten GEIRR TVEITT (1908–1981) med utsøkt klangsans arrangert 100 folketonar for klaver og orkester; henta frå eit materiale på over 1000 folketonar som han samla i Hardanger i åra 1942–45. Han var fødd i Kvam og hadde hus i Bjødnaabrakane på garden TVEIT i Vikøy. Med meisterleg karakteriseringsevne og instrumentkunnskap er han den av dei norske komponistane, ved sida av Edvard Grieg og Harald Sæverud, som medvite har utnytta folketonane og vorte nyskapande innanfor norsk musikktradisjon.

For mange er kanskje Geirr Tveitt mest kjend gjennom lyriske visemelodiar med ein særigen og vakker klangerfarge, som tonen til JAKOB SANDES vedmodsfylte vise «Fløytelåt» eller ASLAUG LAASTAD LYGRES vedkjømeleg vakre sommarnattsstemning:
«Vi skal ikkje sova burt sumarnatta/ho er for ljøs til det ...»

